

---

**Fra:** Larissa Dahl  
**Sendt:** 15. november 2018 12:49  
**Til:** Ann-Therese Strønen  
**Emne:** Manglar i søknaden om bruksendring Gbnr 41/28, 67

Hei, vi vil be om fleire opplysningar i saken.

**Dispensasjon:**

Dispensasjonen – på dei vilkår som går fram av vedtaket – er nå rettskraftig (ikkje påklaga innan klagefrist). Dispensasjonen er gyldig i 3 år.

Vi gjer deg oppmerksom på vilkårene for dispensasjonen:

- Bruksendring kan ikkje gjennomførast før det er søkt om og gitt løyve til bruksendring av bygget etter pbl kap 20
- Bruksendring kan ikkje gjennomførast før det er søkt om og gitt løyve til etablering av køyretilkomst etter pbl kap 20, nøyaktig vegtrasè og stigningstilhøyve skal godkjennast av rådmannen gjennom søknadsbehandlninga og dispensasjonen er ikkje ei førehandsgodkjenning av desse tilhøva

**Bruksendring av hytte – det må sendes inn søknad:**

Det må søkast om bruksendring av hytten til heilårsbustad. Komplette søknad må sendast inn av kvalifisert firma (ansvarlig søker). Det firma du velger til jobben skal ta dialogen med kommunen og kan gi deg informasjon og rettleiing gjennom søknadsprosessen. Vi manglar som nemnd søknad om bruksendring, tilkopling til kommunalt vatn, søknad om utsleppsløyve frå rørleggar, søknad om rørleggjararbeid innvendig i våtrom i bustad, fleire aktuelle ansvarsområder – flis, membran i våtrom. Ansvarleg føretak skal fylle ut søknad om lage gjennomføringsplan, kor alle ansvarsområder skal dekkas med ansvar.

Dersom bygget etter bruksendring ikkje tilfredsstillar TEK 10 (byggteknisk forskrift), må det søkjast om fritak/fråvik frå desse krava i samsvar med PBKL §31-2 for eksisterande byggverk. Ansvarleg søker må sjå til at bygget sin tekniske standard blir gjennomgått og at det blir søkt om fritak der det er nødvendig.

**Tilkomstvei – Søknad er mottatt og vil bli vurdert av kommunen:**

Du har sendt søknad om opparbeiding av tilkomstveg som er dekket med ansvarsrett. Denne søknaden vil bli behandla av administrasjonen innan gjeldande fristar. Dersom vi treng meir opplysningar eller anna, vil ansvarleg søker bli kontakta.

Med vennleg helsing

Larissa Dahl

Rådgiver Plan- utbygging og kommunal teknikk



**Meland kommune**  
- Eit samfunn for alle -